



**Møtereferat – internt**

U.off:

Vår ref  
2023/7048-10

Sakshandsamar:  
Kyrre Einar Hegg

Arkivkode:  
U01

Dato:  
12.01.2024

Til:	Deltakarene i strategigruppa
Frå:	Kyrre Einar Hegg

Gjeld:	<b>Møte i strategigruppa for ny reiselivsstrategi 11. desember 2023 - referat</b>
Møtetid:	<b>Måndag 11. desember 2023, 14.00 til 16.00</b>
Møtestad:	<b>Formannskapssalen</b>
Tilstade:	<b>Gudrun Semons, Torben Andersen, Kristin Larsen, Elin Hommo, Lilly Marita Tvitekkja Bergland, Knut Martin Edland, Aud Irene Kittelsen, Kyrre Hegg</b>
Fråverande:	

**Første skisse til strategitekst – presentasjon ved Pål og diskusjon:** Pål gjekk gjennom notata våre frå arbeidsverkstaden 30. november. Han peika på fleire tema som kan vere aktuelle å jobbe vidare med. Kyrre viste til lista med tema som me sette opp i starten av arbeidet med reiselivsstrategien. Pål kjem med forslag til ei temainndeling som strategigruppa kjem med tilbakemeldingar på. Pål vil så bruke temainndelinga til å jobbe fram eit første utkast til strategitekst. Han vil knytte desse opp til berekraftsprinsippa han presenterte på arbeidsverkstaden.

**Proessen vidare i strategiarbeidet:** Me blei samde om at neste steg er ein runde med arbeidsverkstader der kvar destinasjon jobbar for seg, med utgangspunkt i temainndelinga og utkastet til strategitekst som me kjem fram til saman med Pål. Me prøvar å få til eit opplegg over to dagar, til dømes som følger:

Dag 0: Pål kjem til Vinje på kvelden  
Dag 1 - 08.30-11.30: Arbeidsverkstad i Åmot  
Dag 1 - 13.00-16.00: Arbeidsverkstad i Haukeli  
Dag 2 - 08.30-11.30: Arbeidsverkstad på Rauland  
Dag 2 - 12.00-14.00: Møte i strategigruppa - oppsummering og vegen vidare

Vidare prosess etter møtene i januar diskuterer me i meir detalj seinare, men me legg opp til ein aktivitet kvar månad utover vinteren. Me vurderer eit eige møte om landbruk og reiseliv, og planen er å lage ei "pakke" til formannskapet og kommunestyret der me får gjort vedtak og orientert om den regionale reiselivsstrategien og arbeidet med den lokale strategien. På eit tidspunkt ser me også for oss eit oppe folkemøte.

**Reiselivsstrategi for Vest-Telemark:** Strategien er i ferd med å bli vedteken i dei ulike kommunane, men den har ikkje vore oppe i kommunestyret i Vinje enno. Me satsar på å få til dette i andre kommunestyremøte i 2024. Når det gjeld finansieringa av fase 3, har kommunen lagt inn sin del i budsjettet for 2024. Samtidig har det oppstått diskusjon i Vest-Telemarkrådet og rådmannsutvalet om desse kostnadane bør fordelast annleis. Dette er framleis ikkje avklara.

Lilly Marita, Kristin, Aud Irene og Kyrre var på møte i styringsgruppa for den regionale strategien 6. desember. Hilde og Annika utarbeider felles handlingsplan for berekraftsertifiseringa og fase 3 i strategien. Me jobba også vidare med oversikt over kulturminne og stader av kulturell interesse for reiselivet (eit krav i merkeordninga).

Hilde jobbar framleis med undersøkingane. Det er framleis mogleg å komme med innspel til fritidsbustadundersøkinga, men denne blir snart ferdigstilt. Det er få svar på innbyggjarundersøkinga (sjølv om Vinje har desidert flest), og her vil det komme eit nytt initiativ frå Visit Telemark. Me må hjelpe dei med å få inn svar. Rauland skisenter og Vinje kommune har alt lova premiar, og fleire premiar er velkomne. Hilde har filma ordførarane som oppfordrar folk til å svare. Kommunikasjon av resultatata frå undersøkingane vil etter kvart også vere ein prioritet for prosjektet. Kommunane og destinasjonsselskapa bør ta eigarskap til resultatata og bruke desse.

Visit Telemark presenterte eit forslag til Innovasjon Norge om korleis me ser for oss å bruke merket for berekraftig reisemål i Vest-Telemark. Kort fortalt håpar me at destinasjonane våre kan bruke merket (i kombinasjon med eigen logo), så lenge destinasjonsselskapet er miljøsertifisert. Me håpar også at enkeltsekskap kan bruke merket i si marknadsføring, så lenge dei er miljøsertifiserte og medlem i det lokale destinasjonsselskapet og/eller Visit Telemark.

Destinasjonsleiing er eit krav i merkeordninga, og prosjektet vil fokusere på dette framover. Det er framleis usikkert på kva nivå me legg oss (destinasjon/kommune/region), men organet må inkludere representasjon frå frivillig sektor og lokalbefolkninga. Me tar med oss denne problemstillinga inn i arbeidet med vår lokale reiselivsstrategi.

**Ringverknadsanalyse:** Kommuneadministrasjonen har tatt ein ny runde internt. Det er delte meiningar, men me har landa på at me ikkje ønskjer å bestille ei ringverknadsanalyse no. Analysen er dyr, og det er tidkrevjande å arrangere anbod. Kommunen har dessutan sagt at me skal satse på reiseliv, og det er liten grunn til å tru at bildet er vesentleg endra sidan førre rapport. Slik sett meiner me ei ringverknadsanalyse ikkje er nødvendig akkurat no. Me føreslår heller å bruke strategiarbeidet til å tenke godt gjennom kva for tal/fakta/utrekningar me treng, ikkje minst for å kunne sette oss talfesta mål og evaluere i kva grad me når desse. Ei ringverknadsanalyse vil vere naturleg å vurdere som ein del av dette. Me kan til dømes gjere som Trysil, som fekk utarbeida ei analyse av kva for ringverknader ein kan forvente viss måla i strategien deira blir oppnådd. Eit siste argument for å vente er å sjå an kva som skjer med planane om ein nasjonal reiselivsmonitor, der ringverknader blir vurdert som ein del av konseptet.

**Anna:** Kommunen informerte om at dei jobbar med offentlege informasjonsskjermer. Desse vil bli hengt opp på Haukelisetter, Esso i Haukeli, Spar Rauland, Esso på Rauland, Vinjekroa og Fristadsenteret. Vinjehuset har alt ein skjerm, og det kan bli aktuelt med skjermer på USN og AiR. Dette skal vere ein kommunal (og ikkje ein kommersiell) kanal, men kommunen ønskjer å

synleggjere alt som skjer og kan opplevast i kommunen. Destinasjonane er velkomne til å komme med innspel. I møtet blei det peika på at dei kommunale skjermene ikkje må konkurrere med skjermene til destinasjonsselskapa, til dømes på Spar Rauland.